



FOLKORG

ÅRSMELDING

2017

FOLK Organisasjon for
ORG folkemusikk og
folkedans

Formgjeving: Anbjørg Myhra Bergwitz

Foto framside: Runhild Heggem

Foto bakside: Ingrid Ytre-Arne

Fotografer: Runhild Heggem, Thor Hauknes, Thomas Westling, Ingrid Ytre-Arne, Anbjørg Myhra Bergwitz, Johanne Flottorp, Audun Stokke Hole, Johan Røed.

Postadresse:

FolkOrg
Postboks 4613 Sofienberg
0506 Oslo


Besøksadresse:

Vis-à-vis Herslebs gate 2c

Nett: www.folkorg.no

E-post: post@folkorg.no

Tlf.: 22 00 56 22



INNHOOLD

4 Om FolkOrg

8 Vurdering av måloppnåing

14 Særskilde satsningar for 2017-2019

18 Organisasjonens arbeidsfelt i meldingsåret

18 Kulturpolitisk arbeid

19 Lagsutvikling

20 Tilskotsordningar

21 Arrangørutvikling

23 Utøvarutvikling

24 Kappleikar og festivalar

28 Informasjon

30 Vedlegg

OM FOLKORG

STYRET OG ARBEIDSUTVALET

Styret fram til landsmøtet 2017:

Per Øyvind Tveiten (styreleiar)
Camilla Granlien (nestleiar)
Helene Myklemyr Bolstad (nestleiar)
Thor Hauknes (styremedlem)
Hilde Reitan (styremedlem)
Olav Luksengård Mjelva (styremedlem)
Tove Leinslie (styremedlem)
Gro Marie Svidal (1. varamedlem)
Gudrun Folkedal (2. varamedlem)
Kjellbjørn Karlsrud (3. varamedlem)

Styret etter landsmøtet 2017:

Hilde Reitan (styreleiar)
Camilla Granlien (nestleiar)
Helene Myklemyr Bolstad (nestleiar)
Thor Hauknes (styremedlem)
Kjellbjørn Karlsrud (styremedlem)
Kristian Ihle Hanto (styremedlem)
Silje Solberg (styremedlem)
Thomas Nilssen (1. varamedlem)
Helene Høye (2. varamedlem)
Ole Erik Feragen (3. varamedlem)



I meldingsperioden har styret hatt seks møte, og har handsama 62 saker. I tillegg til dei faste medlemmene har første varamedlem vore innkalla fast til alle møte.

I meldingsåret har styret hatt ulike representasjonsoppgåver, til dømes på Landskappleiken, Landsfestivalen, årsmøte i områdelag og på høyringar og andre relevante møte. Styremedlemmer har elles vore på vitjing til heidersmedlemmer som har fylt rundt år.

Styret eller administrasjonen har vore til stades på årsmøta i ni av ti områdelag.

Arbeidsutvalet (AU) i organisasjonen har i meldingsåret vore:

Før landsmøtet: Per Øyvind Tveiten, Camilla Granlien og Helene Myklemyr Bolstad.

Etter landsmøtet: Hilde Reitan, Camilla Granlien og Helen Myklemyr Bolstad

Dagleg leiar har vore sekretær. AU har i meldingsperioden hatt to fysiske møte. Stadig fleire saker vert drøfta per e-post med AU.

Fagutval for yrkesutøvarar har i meldingsåret vore:

Før landsmøtet: Vegar Vårdal, Silje Onstad Hålien og Nina Fjeldet. Etter landsmøtet: Ole Nilssen, Britt Pernille Frøholm og Ingebjørg Longvik Reinholdt.

Dei har ikkje hatt fysiske møte i 2017, men har vore tilgjengelege for styret og administrasjonen.

Referansegruppe for nettverket for folkemusikkarrangørar

Per Åsmund Omholt frå Folkemusikkscena i Rauland (leiar), Ingebjørg Nomeland frå FolkJazz-scena i Førde og Førdefestivalen, og Hans Petter Kvikne frå Folkemusikkscena Røros og Røros Folk Festival.

MEDLEMSKAP/MEDLEMSLAG**Medlemstal**

FolkOrg hadde 4360 medlemmer pr. 31.12.2017. Det er same tal som i 2016. Av desse var det 640 born/ungdommar (t.o.m. 18 år). Det er ein auke på 36 born/ungdommar. Det vil seie at talet på vaksne medlemmar har gått ned, medan talar på unge går opp. Sjå meir om utviklinga under måloppnåing.

Medlemslag

Pr. 31.12.2017 hadde FolkOrg:

- 144 lokale medlemslag, det er ein oppgang på eitt medlemslag.
- 10 områdelag, som i 2017.

Medlemskap i andre organisasjonar:

FolkOrg er medlem i:

- Norsk musikkråd
- Frivillighet Norge

- Kulturalliansen
- Musikkindustriens Næringsråd

Landskappleiken og Landsfestivalen er medlemmer i Norske festivaler. Folkelarm er medlem i Norske Konsertarrangørar.

FolkOrg er medstiftar av:

- Telemarkfestivalen
- Førdefestivalen
- Den Norske Folkemusikkveka
- Hilmar Alexandersens Folkemusikkfestival
- Etnisk Musikkklubb (medstiftar og deleigar)
- Musikkutstysordningen
- Stiftinga Riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans
- Kulturalliansen

**HEIDERSMEDLEMSKAP****Johannes Sundsvaen**

vart utnemnd til heidersmedlem i FolkOrg under Landskappleiken på Røros. Vi har per 31.12.2017 40 heidersmedlemmer i FolkOrg.

Følgjande heidersmedlemmer gjekk diverre bort i 2017: Finn Vabø og Jostein Mæland.

ADMINISTRASJON

Administrasjonen held til i eit kontorlokale i Trondheimsveien 2, bygg J. Kontorlokala ligg i Schous Kulturbryggeri, og organisasjonen har kontorfellesskap med fleire andre sentrale musikkorganisasjonar.

I administrasjonen var det til saman 7,3 årsverk, mot 7,5 årsverk fram til 1. juli 2014. Årsaka til reduksjonen er mindre driftstilskot.

Administrasjonen har i tillegg til det som er nemnt i langtidsplanen, sjølv sagt ei rekke andre oppgåver som tek mykje tid, men som ikkje alltid er like synlege. Døme på det er fakturering, økonomioppfølging, oppdatering av medlemssystem, personaloppfølging, sakshandsaming og møteførebuingar, forsikringar, abonnementsoppfølging, rapporteringar, jamleg oppdatering av nettsider, svar på ulike førespurnader og andre oppgåver som er naudsynte når ein driv ein arbeidsplass.

Tilsette i meldingsåret har vore:

Linda Dyrnes	Dagleg leiar
Jorun Hagen	Kontormedarbeidar
Audun Stokke Hole	Redaktør i bladet Folkemusikk
Liv Annette Nygjerdet	Informasjonsrådgjevar, og prosjektleiar for Folkelarm 2017
Anbjørg Myhra Bergwitz	Rådgjevar med ansvar for utøvarutvikling og informasjon, fram til 30. september
Øyvind Sandum	Rådgjevar med ansvar for lokallag og arrangør frå 1. juli
Ingrid Schei Stuhaug	Rådgjevar for Landskappleiken, Landsfestivalen og lokalkappleikar
John Stenersen	Rådgjevar med ansvar for utøvarutvikling og prosjektleiar for Folkelarm frå 2018, byrja 1. oktober 2017

I tillegg har vi tilsett Ingrid Ytre-Arne og Johanne Flottorp i engasjement delar av året.

ØKONOMI OG REKNESKAP

Rekneskapan for 2017 ligg ved årsmeldinga.



VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Måla som er sette i langtidsplanen til FolkOrg, er ikkje alle like enkle å måle. Det er målsettingar som er langsiktige, og som ikkje er av ein slik art at vi kan seie at vi no har oppnådd dei. Det kan vere ei utfordring å finne målemetodar som er objektive, samstundes som dei gjev oss informasjon som er av verdi. Vi har ikkje prioritert å bruke mykje tid til å gjennomføre større undersøkingar, men har valt nokre metodar som kan gje ein indikasjon. I tillegg til konkrete tal vil nokre mål òg bli vurderte kvalitativt.

INDIKATORAR PÅ OPPNÅING AV MÅLA


Folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg står sterkt.

- Det er attraktivt å utøve, formidle og undervise i folkemusikk og -dans.
- Det er attraktivt å arrangere kappleikar, kurs, konsertar og dansefestar.
- Det er attraktivt å delta på arrangement og kappleikar.

Målemetodar


Tal på søkjarar til å vere arrangør

■ Landskappleiken ■ Landsfestivalen i gammaldansmusikk




* Ingen ved første utlysing, ny utlysing ute med frist 20. september 2018.

Tal på lokal- og fylkeskappleikar




Deltaking på Landskappleiken


■ Deltakarar ■ Innslag




Økonomisk resultat - Landskappleiken




Deltaking på Landsfestivalen i gammaldansmusikk




Økonomisk resultat - Landsfestivalen i gammaldansmusikk




Musikkens studieforbund




Musikkens studieforbund



Frifond organisasjon




Frifond organisasjon




*) I 2011 og 2012 stramma Norsk musikkråd inn kravet til fordelingspraksis, og ingen lag som ikkje hadde riktig aldersfordeling (1/3 under 26 år), fekk støtte. Dette er sannsynlegvis årsaka til færre søkjarar.

Tal på søknader –
Rekrutteringsstønad frå FolkOrg




Tal på søknader –
Momskompensasjon



*) Frå 2015 er det berre éin søknadsrunde for FolkOrgs rekrutteringsstønadsordning

Søkjjarar til INTRO-folk




INDIKATORAR PÅ OPPNÅING AV MÅLA

Folkemusikken og -dansen i Noreg er kjent og synleg nasjonalt og internasjonalt

- Auka interesse for og kunnskap om folkemusikk og -dans
- Auka omtale og bruk av folkemusikk og -dans

Målemetodar

Tal på abonnentar av bladet
Folkemusikk




INDIKATORAR PÅ OPPNÅING AV MÅLA

FolkOrg er ein viktig ressurs på folkemusikk- og folkedansfeltet.


- Medlemmene sin kompetanse og erfaring blir nytta og synleggjort.
- Det er attraktivt å vere medlem i FolkOrg.
- FolkOrg er ein tydeleg og synleg kulturpolitisk aktør
- FolkOrg er ein attraktiv samarbeidspartnar.

Målemetodar

Tal på medlemmer totalt



Tal på medlemmer



*) Registreringa av yrkesutøvarar hadde ikkje byrja

Tal på lag i FolkOrg



Kvalitative vurderingar:

- Medlemmer vart nytta til foredrag på Folkelarm.
- På alle dei store arrangementa våre får medlemmene syne kompetansen sin i folkemusikk og -dans.
- Vi har vore i dialog med fleire medlemmer for å få deira syn på ulike saker.
- Vi har vore aktive i å markere oss overfor politikarar gjennom møte, høyringar – både skriftlege og munnlege – og gjennom annan direkte kontakt. Både familie- og kulturkomiteen og politisk leiing i Kulturdepartementet er godt kjende med FolkOrg.
- Vi er med i ei rekke samarbeidsforum og samarbeidsprosjekt både innanfor og utanfor folkemusikkmiljøet. Døme på det er arrangørforum, festival- og heilårsundersøking, samarbeid om politisk påverknad, samrådsmøte for folkedans, folkemusikksenter, Frivillighet Norge, Norsk musikkråd, Kulturalliansen, Samspill og Møst. Vi har fleire invitasjonar til samarbeid som vi ikkje har kapasitet til å ta del i.
- Vi kan bli betre på å vere synlege i media, men har skrive kronikk i Nationen om kva folkemusikken treng for å vekse og leve vidare. Vidare har vi uttalt oss i eit intervju på Ballade om driftstilskotet til musikkorganisasjonar, og vi har skrive kommentarar kring statsbudsjettet på eigne nettsider.
- Vi arrangerte debatt under Arendalsuka saman med Arrangørforum. Etter debatten arrangerte Arrangørforum konsert med Sudan Dudan. Debatten og konserten var ein del av det offisielle programmet til Arendalsuka.
- Vi har totalt sett det same talet på medlemmer i 2017 som i 2016. Tendensen som vi såg i fjor, om at den delen av medlemmene som er under 18 år, aukar, held fram med aukande styrke i 2017. Vi har 36 fleire medlemmer under 18 år i 2017 enn i 2016. Det lovar godt for framtida.



SÆRSKILDE SATSINGAR FOR PERIODEN 2017–2019

REKRUTTERING	INFO / SYNLEGHEIT / FORMIDLING
<ul style="list-style-type: none"> • FolkOrg skal ha 10 godt fungerande rekrutteringsprosjekt i Noreg gjennom samarbeid med Dextra Musica. • Vi skal utvide idébanken for samarbeid mellom lag og kulturskole. 	<p>INTERNT</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi vil betre kontakten mellom sentralledet og medlemmer, gjennom oppsøkjande verksemd og utvikling av eksisterande informasjonskanalar. <p>EKSTERNT</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi skal jobbe for å få meir folkemusikk og folkedans i ulike medium. • Vi skal arbeide for at folkemusikk og folkedans er ein naturleg del når norsk kultur blir presentert. • Vi skal samarbeide med Noregs Ungdomslag og andre organisasjonar for å vidareutvikle Folkepedia.
FOLKEDANS	DET PROFESJONELLE FELTET
<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal samarbeide med Sff og NU for å rekruttere fleire danseinstruktørar og synleggjere dei, og gjere eksisterande instruksjonsmateriell kjent. • Vi skal samarbeide med laga om å få opp talet på dansefestar. • Vi skal samarbeide med NU og SFF om å søkje tilskot frå Talent Norge til å etablere eit ungdomsdansekompani. 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal bidra til å utvikle nasjonalt og internasjonalt samarbeid og nettverk, for å skape ein større marknad for norske folkemusikarar og folkedansarar. • Vi skal arbeide for at det skal utbetalast vederlag for bruk av tradisjonelt materiale gjennom TONO-systemet. • Vi skal bidra til å utvide og styrke arrangørfeltet, for å få fleire folkemusikk- og folkedansarrangement.

OPPNÅING AV MÅL FOR DEI SÆRSKILDE SATSINGANE:

Rekruttering

FolkOrg gav tilskot til 5 rekrutteringsprosjekt gjennom gåva vi har fått frå Dextra Musica. Vi har fått tilsegn om tilskot frå dei i tre år til, og vi utvidar talet på rekrutteringsprosjekt frå 2018.

Idébanken for samarbeid mellom kulturskular og lag er publisert. Vi skal nytte erfaringane frå rekrutteringsprosjekta inn i idébanken, slik at vi får fleire idear inn der.

Info / synlegheit / formidling

Vi la eit styremøte til Bergen hausten 2017, og styret og delar av administrasjonen arrangerte eit møte der laga i Hordaland vart inviterte. 5 lag og 8 personar kom på møtet, som vi opplevde som veldig lærerikt.

Vi har vore til stades på fylkeskappleiken i Sogn og Fjordane. Vidare har vi vore på møte med SAFFA og fleire av lokallaga under dei. Springar'n vart nytt medlemslag frå nyåret, og fleire er på veg til å melde seg inn. Vi har vore på ulike arrangement i Gudbrandsdalen. Erfaringa er at når vi deltek på arrangementa som er lagt kring årsmøta, får vi fleire spørsmål enn på dei formelle møta. Vi har merka at

stadig fleire tek kontakt per telefon, og det trur vi kjem av at vi er meir ute og møter medlemmer.

Vi har hatt møte med NRK for å drøfte ulike programkonsept, og dialogen held fram.

I møte med politikarar har vi løfta problemstillinga med å nytte norsk folkemusikk og folkedans i presentasjon av Noreg. Vi held fram med det arbeidet.

Vi har dialog kring utviklinga av Folkepedia, men vi har ikkje midlar til å sette i gang arbeidet for fullt.

Folkedans

Arbeidsfelta er løfta inn i samrådsmøte for folkedans. I tillegg har referansegruppa for arbeidet med søknad til Talent Noreg hatt møte for å komme vidare med søknaden.

I desember 2017 etablerte Noregs Ungdomslag og FolkOrg samarbeidsmøte ein gong i månaden for å samarbeide om felles mål rundt folkedansen. Det er mellom anna eit mål å få til eit felles seminar rundt dansefestar hausten 2018.



Det profesjonelle feltet


Både gjennom besøk på Showcase Scotland, English Folk Expo og Womex har vi jobba med det internasjonale nettverket vårt og diskutert ulike prosjekt. Både Showcase Scotland, English Folk Expo og Showcase PEI (Prince Edwards Iceland i Canada) ønskjer å ha oss som partner. Dette må vurderast ut frå marknadsverdi og kostnad. Vi var dessutan til stades under opninga av bokmessa i Frankfurt, der Noreg skal vere gjesteland i 2019. Vi har jobba med å gjere ei satsing på folkemusikk i Tyskland i 2019 og har løysingar som vi skal løfte fram for NORLA, den norske partnaren. På Folkelarm har vi også eit delegatprogram med både norske og internasjonale delegatar. Det gjev oss gode kontaktar nasjonalt og internasjonalt. Vi arbeider heile tida for å finne dei beste internasjonale delegatane og

for å få fleire norske delegatar utanfor kjernen av folkemusikkarrangørar til å komme på Folkelarm.

Vi har sett ned ei arbeidsgruppe som jobbar med problemstillinga kring utbetaling av TONO-vederlag for bruk av tradisjonsmateriale. Medlemmene i gruppa er Tellef Kvifte, Åshild Vetrhus og Karl Seglem. Arbeidet held fram i 2018.

Gjennom samarbeidet i Arrangørforum har vi for første gong fått statistikk for heilårsarrangørane våre og for andre gong for festivalane. Det gir oss eit godt kunnskapsgrunnlag for å arbeide for dei. Arrangørforum har dessutan lansert kampanjen Grasrotløftet for å betre tilhøva for heilårsarrangørane.





ORGANISASJONENS ARBEIDSFELT I MELDINGSÅRET

KULTURPOLITISK ARBEID

Statsbudsjettet

Vi har levert innspel til statsbudsjettet. I innspela la vi vekt på desse sakene:

- Det må framleis satsast sterkt på tilskotsordningane i Norsk kulturråd, trass i auka vektlegging av kultur nærings.
- Tilskot til musistarar og ensemble må aukast.
- Tilskot til festivalar og heilårsarrangørar må aukast.
- Driftstilskotet til nasjonale interesse- og medlemsorganisasjonar må flyttast frå Norsk kulturråd til Kulturdepartementet.
- Kunstnarstipenda må trappast opp.
- Vi må få ein forpliktande opptrappingsplan for full momskompensasjon for lag og foreiningar.
- Kuttet i kulturmidlar i Utanriksdepartementet må reverserast og potten aukast.
- Kuttet i tilskota til studieforbunda må reverserast og aukast

I tillegg til å levere innspel var vi til stades og kom med innspel i budsjett høyringane i både familie- og kulturkomiteen og utanriks- og forsvarskomiteen i Stortinget. I samarbeid med ei rekke kulturorganisasjonar fekk vi gjennomslag for reversering av kuttet i kulturmidlane i UD, kuttet i studieforbunda, det vart auke i momskompensasjonen, auke i tilskot til festivalar og heilårsarrangørar, auke i Kulturfondet og i kunstnarstipenda.

Høyringar

Vi har sendt høyringsinnspel om desse sakene:

- om strukturen i regionale kompetansesenter for musikk (til Norsk kulturråd)
- om ny frivilligheitsmelding (til Kulturdepartementet)
- om bransjetreff (til Norsk kulturråd)

Anna kulturpolitisk arbeid

- Vi arrangerte ein politikardebatt under landsmøtet i FolkOrg. Temaa var
 - * Statens rolle i finansiering og formidling av kunst og kultur.
 - * Kultur nærings og mangfaldige kulturuttrykk, kan det kombinerast?
 - * På kva måte kan vi sikre at folk flest i Noreg har eit minimum av kjennskap til norske folkemusikk- og folkedans tradisjonar, som ein del av si allmenndanning? Kva rolle kan skuleverket, NRK og staten spele her?
- Vi arrangerte politikardebatt i Arendal saman med Arrangørforum.
- Vi har hatt møte med Norsk kulturråd om driftstilskot til musikkorganisasjonar og dei nye retningslinene for festivalstøtte.
- Vi har delteke på ulike innspelskonferansar om ny frivilligheitsmelding, kulturmelding og skulen som kulturarena.
- Vi vart medlem i Musikkindustriens næringsråd, der kultur moms har vore viktigaste tema i 2017.
- Vi har jobba saman med Musikernes fellesorganisasjon og Norsk jazzforum for å sette søkjelys på konsekvensane av overgangen frå Rikskonsertane til Kultur tanken.
- Vi har hatt møte med statssekretær i Kulturdepartementet Bård Folke Fredriksen.
- Vi har støtta oppropet mot seksuell trakassering og overgrep i musikkbransjen
- Vi har vore til stades i ei rekke møte og konferansar av kulturpolitisk art gjennom 2017.

LAGSUTVIKLING

Det blir kontinuerleg sendt ut informasjon om aktuelle saker, hendingar og søknadsfristar til lokallag og områdelag i form av nyhende-brev, e-post og på Facebook. Det blir og teke kontakt per telefon med ulike lokallag med aktuelle hendingar. Vi har jamleg gjeve laga rådgjeving i samband med mellom anna søknadsskriving, søknad om medlemskap i FolkOrg, rekruttering, og om lovar og reglar kring drift av spel- og dansarlag med meir.

Årets lokallag

Prisen til årets lokallag vart delt ut for sjette gong i 2017 under Landsmøtet i FolkOrg i Oslo siste helga i april. I 2017 var kriteriet at prisen skulle gå til eit lag som gjer ein vesentleg innsats for at folkemusikken og folkedansen er synleg i samfunnet, gjerne gjennom samarbeid med ulike institusjonar eller andre organisasjonar, og gjerne på tvers av sjangrar. Dei nominerte laga var Spelemannslaget Fjelljom, Voss spelemannslag og Vågå spel- og dansarlag. Vinnaren av prisen på kr 10 000 vart Vågå spel- og dansarlag. Vågå spel- og dansarlag er regelmessig arrangør av Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk, dei er sterke bidragsytarar til kulturlivet i sin region og har mange spennande prosjekt innanfor tradisjonsmusikk og -dans.

Besøke lokallag og områdelag

FolkOrg har i meldingsåret vore på ni av ti årsmøte i områdelaga. Vi fekk diverre ikkje til å reise på fylkeskappleiken og årsmøtet til Møre og Romsdal folkemusikklag i Fosnavåg. Fleire av årsmøta vert lagde til regionale kappleikar, noko som gjer at ein og får høve til å treffe mange representantar frå dei ulike lokallaga. Dette har vorte godt motteke på dei ulike arrangementa.

Då FolkOrg hadde styremøte i Bergen i september 2017, inviterte vi lokallag i regionen til eit medlemsmøte. Her kom det representantar frå fleire av lokallaga, og vi fekk eit godt møte med desse,

der både FolkOrg og lokallaga informerte om sin aktivitet. Slike medlemsmøte ønskjer vi å arrangere fleire av i 2018.

Rekrutteringsprosjekt

I desember 2016 fekk FolkOrg ei gåve frå Dextra Musica til eit treårig rekrutteringsprosjekt. Tildelinga i 2017 var på kr 700 000. Av dette gjekk kr 500 000 direkte til fem pilotprosjekt og dei resterande 200 000 til administrativt arbeid og fellesaktivitetar for dei fem prosjekta. Desse fekk stønad i 2017:

- FolkemusikkUNG i Valdres – 125 000 kr
- FolkRekrutt (Gudbrandsdalen) – 100 000 kr
- Nøringen (Voss/Hardanger) – 75 000 kr
- Rekrutteringsprosjekt i Rogaland – 100 000 kr
- TØFT (Sogn og Fjordane) – 100 000 kr

Under fellessamlinga for rekrutteringsarbeid innanfor folkemusikk og folkedans på Folkelarm 2017 var Dextra Musica til stades. Der kunne Eline Moe Melgalvis, prosjektansvarleg i Dextra Musica, melde at Dextra Musica utvidar sin stønad med kr 3 200 000 for 2018–2020. Resultatet av dette vert at FolkOrg deler ut stønad til åtte prosjekt i 2018.

TILSKOTSORDNINGAR

Momskompensasjon

Lokallag, områdelag og aksjeselskap kan søkje momskompensasjon gjennom FolkOrg, og i 2017 fekk FolkOrg inn 52 søknader (utanom sentralleddet). FolkOrg sende ein samla søknad med godkjende driftsutgifter på kr 18 276 416 (inkludert sentralleddet). Utført avkorting av det godkjende søknadsbeløpet var i år 27,19 % for alle ledd som inngår i søknaden. Dette betyr mindre utbetaling til det frivillige feltet samanlikna med 2016, der avkortinga var på 23,66 %. Etter avkorting fekk FolkOrg (sentralleddet) momskompensasjon på kr 414 100, Valdres folkemusikkarrangement AS kr 144 249, områdelaga (7 lag) kr 90 501 og lokallaga (44 lag) kr 282 632. Til saman var kompensasjonen på kr 931 482.

Frifond organisasjon

FolkOrg fekk i 2017 tilsegn om kr 536 314 til utdeling gjennom Frifond organisasjon frå Norsk musikkråd. Det er om lag kr 8 000 mindre enn i 2016. Det kom inn berre 22 søknader frå lokallaga

med ein søknadssum på til saman kr 711 000. 20 av søknadene fekk tilskot.

→ *Liste over mottakarar av tilskot frå Frifond ligg ved denne årsmeldinga.*

Rekrutteringsstøtte

Rekrutteringsstøtta er retta mot særskilde tiltak som kan fremme rekruttering i lokallaga i FolkOrg. Søkjarar kan vere lokal- og områdelag som er medlemmer i FolkOrg, eller andre som arbeider aktivt for rekruttering til laga.

Rekrutteringsstøtta hadde i 2017 totalt kr 150 000 til fordeling. I utgangspunktet er støtta på kr 100 000, men sidan Meisterkonserten i Operaen i 2016 gjekk med overskot, valde styret i FolkOrg å auke potten i 2017 til kr 150 000. Det kom inn 21 søknader på gode prosjekt, der 20 av søknadene fekk stønad.

→ *Liste over mottakarar av tilskot frå rekrutteringsstøtta ligg ved denne årsmeldinga.*



ARRANGØRUTVIKLING

Informasjon og rådgjeving

Gjennom nettstaden folkorg.no og Facebook-sida har FolkOrg i meldingsåret kommunisert aktuell og relevant informasjon til folkemusikkarrangørane.

Nettverket for folkemusikkarrangørar

FolkOrg arrangerte nettverksmøte for folkemusikkarrangørar under Folkelarm 2017. Mellom anna vart nettverket samd om å bruke desse møta til å inspirere kvarandre, og å leggje fram planar og dele program – altså felles planlegging. Referansegruppa for 2017 har vore Per Åsmund Omholt frå Folkemusikkscena i Rauland (leiar), Ingebjørg Nomeland frå FolkJazz-scena i Førde og Førdefestivalen, og Hans Petter Kvikne frå Folkemusikkscena Røros og Røros Folk Festival. Ingebjørg Nomeland held fram i 2018, saman med Nina Fjeldet frå Kalottspel, og Åshild Vetrhus og Tove Solheim frå Ryfylkemuseet.

Årets folkemusikkarrangør

FolkOrg delte i 2017 ut prisen «Årets folkemusikkarrangør» for sjette gong. Kriterium for valet i år var at «FolkOrg vil gje prisen for årets folkemusikkarrangør 2017 til ein arrangør som har evne til å skape interesse og entusiasme for dansen og musikken, gjennom gode arrangement». Dei nominerte arrangørane var Førdefestivalen, Heme dine og Storefjelltreffen. Førdefestivalen gjekk av med sigeren og fekk utdelt prisen på kr 10 000 under Folkelarmprisutdelinga i november.

Deltaking på festivalar, arrangement og reginale bransjetreff

FolkOrg har som mål å få med seg nokre norske folkemusikk- og folkedansfestivalar og -arrangement kvart år. Representantar frå styre og administrasjon har vore til stades på fleire festivalar, arrangement og konferansar, til dømes By:Larm, VM på toradar, og

friviljugfestar. Vi skulle gjerne ha vore representerte på endå fleire festivalar, bransjetreff og liknande, men har ikkje kapasitet til så mange som vi ønskjer.

Arrangørforum


FolkOrg er ein av samarbeidspartane i Arrangørforum. Dei andre partane er Norsk jazzforum, Norske Konsertarrangørar, Norske festivalar, Norsk Viseforum, Norsk Bluesunion, Klassisk, nyMusikk og Norsk kulturhusnettverk. Arrangørforum samarbeider om kulturpolitisk påverknadsarbeid på arrangørfeltet og driv kompetansedeling.

Arrangørforum har hatt fleire møte i 2017, og i desember 2017 vart "Nasjonale arrangørstatistikk 2016" sleppt. Dette er ein rapport om festivalar og heilårsarrangørar i Noreg, som tek for seg til dømes organisasjonsform, økonomi, aktivitet, kjønnsfordeling, frivilligheit, publikum etc. Denne rapporten er ein reiskap som gjer det enklare for medlemmene i forumet å samanlikne tal og hente ut statistikkar.

Rapporten viser at kvardagen for grasrotsarrangørane ikkje er så roseraud som det kan verke. Difor definerte Arrangørforum fire satsingsområde i eit grasrotløft for heilårsarrangørane, kalla #grasrotløftet:

- Mindre administrasjon
- Raske lokale midlar
- Fleire lokale samarbeid
- Betaling etter evne.

For å lese meir om #grasrotløftet kan ein gå inn her: www.arrangorforum.no/kampanjen-grasrotloeftet



UTØVARUTVIKLING

Det har vore lagt vekt på å gje kontinuerleg informasjon om relevante kurs og søknadsfristar for feltet, og på oppfølging av viktige kulturpolitiske saker.

Gruppa for yrkesutøvarar

Registeret for medlemmer i FolkOrg som reknar seg som yrkesutøvarar, tel 173 personar pr. 31.12.2017. Det er ein auke på 15 frå året før. Det er frivillig å melde seg inn i registeret, og med yrkesutøvar meiner ein utøvarar som har inntekt av folkemusikk og/eller folkedans. Pedagogar innanfor feltet og instrumentmakarar blir rekna som yrkesutøvarar i FolkOrg, i tillegg til dei som lever av musikk- og danseutøving.

Seminar og kurs

I februar arrangerte FolkOrg seminaret *Gode tips til din WOMEX-søknad*. Seminarhaldar var Sigbjørn Nedland, som tidlegare har vore i juryen for WOMEX.

INTROfolk

Vi fekk ikkje tilskot frå Kulturrådet til å gjennomføre INTRO-folk i 2017, og det vart derfor utsett til 2018. Frå Gramo fekk vi då tilskot på kr 150 000, som skal nyttast til eit stipend for vinnaren på kr 100 000 og til gjennomføring av semifinalar og finalar. For å stimulere soloutøvinga valde styret i FolkOrg at INTRO-folk i denne runden berre skal vere open for soloutøvarar. Frist for påmelding var 11. desember, og vi fekk ti søkjarar. Seks artistar har sikra seg semifinaleplass i sterk konkurranse med andre. Dei innleiande rundane av INTRO-folk 2018 vert på Folkemusikkveka 24.–27. mai med Johanne Flottorp og Rasmus Kjørstad. På Førdefestivalen 4.–8. juli kjem Helga Myhr og Ole Nilssen, og på Telemarkfestivalen 10.–12. august kjem Ingvild Blæsterdalen og Mads Erik Odde. Finalen vert på Folkelarm 8.–11. november. Juryen for INTRO-folk 2018 var: Per Åsmund Omholt (juryleiar), Ragnhild Furebotten og Gjermund Larsen. Dei spelar om tittelen Årets unge folkemusikar 2018, speleoppdrag på Riksscenen, showcase på Folkelarm 2019 og Gramo-stipendet på 100 000 kroner. Premien

vert delt ut under Meisterkonserten i Den Norske Opera og Ballett 11. november. Vinnaren får då kvittere med ein slått i Operaen.

Seminar på Folkelarm 2017

Folkelarm 2017 inneheldt ei rekke seminar retta mot folkemusikkutøvarar. Fleire av desse var saman med folkemusikkarrangørane. I tillegg la vi til rette for møteplassar mellom utøvarar og delegatar på Folkelarm. → [Liste over seminar på Folkelarm ligg ved denne årsmeldinga.](#)

Kontakt via sosiale medium

FolkOrg driv forumet Yrkesutøvarar i FolkOrg for diskusjon og informasjon på Facebook. Vi driv òg eit tilsvarande forum for kulturskulelærarar innanfor folkemusikk og folkedans.

Fagutvalet for yrkesutøvarar

Fagutvalet for yrkesutøvarar hadde ingen fysiske møte i 2017, men medlemmene var tilgjengelege for rådgjeving og diskusjonar med styret og administrasjonen både via telefon og e-post. Eit nytt fagutval vart valt på landsmøtet i april.

Anna arbeid

Administrasjonen har delteke på seminar på mellom anna By:Larm for å halde seg oppdatert på tema som er relevante for utøvarane. Vi har vore med på innspelsrunde om studieportefølje på Noregs musikkhøgskole. Administrasjonen er representert ved Ingrid Stuhaug i juryen for tildeling av hardingfeler gjennom Dextra Musica. Vi har delteke på innspelsmøte med tema som er relevante for yrkesutøvarar, som til dømes publiseringstøtta gjennom Norsk kulturråd. Vidare har vi hatt møte med Arts Midwest i Minneapolis, som ønskte å gjennomføre lengre turnear i Minneapolis med norske folkemusikarar. Det resulterte i at Unni Boksasp Ensemble får to lange turnear i 2018. Sjå også under kapittel om måloppnåing om arbeid med dei profesjonelle utøvarane.

KAPPLEIKAR OG FESTIVALAR

Landskappleiken på Røros 5.–9. juli

Landskappleiken vart i 2017 arrangert på Røros med Røros Folkedanslag som lokal arrangør. Røros Folkedanslag var også eit av arrangørlaga då Landskappleiken vart arrangert på Røros i 2005 og 2013, og er såleis ein røynd landskappleikarrangør.

Deltaking

Det var 420 startnummer og 1260 deltakarar på Landskappleiken på Røros, noko som er ein nedgang samanlikna med tidlegare år. Landskappleiken vart i 2017 arrangert ei veke seinare enn normalt. Dette, kombinert med kollisjon med Førdefestivalen, som hadde nordisk tema for festivalen sin, er truleg med på å forklare nedgangen i deltakartalet.

Vinnarar

Kongepokalen vart i 2017 sett opp i klassen for dans hardingfele. Vinnarane vart Ingebjørg Bratheim Bø og Ola Narverud frå Bø Dansarring og Småjondølenes dansarlag. Dei vann pokalen med ein telespringar.

Fureprisen 2017

Elisabeth og Knut Fures stiftelse til fremjing av klassisk musikk og norsk tradisjonsmusikk har sidan 2010 delt ut prisar til unge folkemusikarar i Noreg. Hovudprisen frå Furestiftelsen har i desse åra vore 50 000 kr, og desse pengane skal gå til den beste utøvaren i spel/vokal-klassane under 25 år. Kandidatane til prisen vart plukka ut under kappleikstevlingane, og vinnaren vart kåra under ein finale som vart lagd til finalekvelden laurdagen. Kriteria for hovudprisen var dei same som tidlegare år. Den då 23 år gamle felespelaren Hans P. Kjorstad vann Fureprisen for 2017.

Som tidlegare år kunne vinnarane av C-klassane/juniorklassane i spel og vokal vinne 10 000 kr. FolkOrg set opp same pris for vinnarane i C-klassane i dans.

Gnistprisen 2017

Nytt av året var utdelinga av Gnist-prisen på Landskappleiken, oppretta av firmaet Efh Holding v/

Eva Fischer. Gnist-prisen skal gå til eit lag som jobbar særst godt med å skape eit godt læringsmiljø for born og unge som dansar folkedans. Prisen på 15 000 kr gjekk i 2017 til Hugnad Ungdomslag i Ål.

→ *Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga.*

Landskappleiken på Røros fekk eit økonomisk overskot på 420 000 kr.

Kort evaluering av Landskappleiken

Røros Folkedanslag tok på seg Landskappleiken med kort planleggingstid, og kort tid etter at dei stod som arrangør førre gong. Då Røros valde å ta på seg kappleiken att, var det planlagt at han skulle gjennomførast den vanlege kappleiksveka, men på grunn av eit anna stort arrangement på Røros måtte Landskappleiken endre datoar. Kappleiken vart då flytta til veke 27, som var einaste alternativ, og kappleiken gjekk derfor parallelt med Førde Internasjonale Folkemusikkfestival. Verket på Røros var arena for alle tevlingane, og kappleiken vart opna av Venstre-leiar Trine Skei Grande.

Sjølv om det berre var Røros Folkedanslag som stod som arrangør denne gongen, bidrog laga rundt med dugnadsarbeid. Fleire hundre dugnadsarbeidarar bidrog under kappleiken, og fleire tusen dugnadstimar vart lagde ned for å få arrangementet i hamn. Arrangøren tok dei utfordringane som dukka opp, på strak arm, og tevlingane og programmet gjekk etter planen. I tillegg til tevlingane var det fleire konsertar, plateslepp og dans. Under kappleiken kunne ein gå på John Ole Morken sitt bestillingsverk "Heggligubbens siste polsdans", og "Nyhus og Nyhus på Glåmos", med Sven Nyhus og Åshild Breie Nyhus i Fjøsakademiet i Glåmos.

Landsfestivalen i gammaldansmusikk i Oppdal 1.–5.august

Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2017 vart arrangert i Oppdal med Oppdal Spell- og dansarlag som arrangør. Oppdal har arrangert både Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk fleire gonger tidlegare, seinast i 2011.

Deltaking

Landsfestivalen i gammaldansmusikk hadde 710 deltakarar fordelt på 129 startnummer. Deltakartalet på Landsfestivalen har vore meir ustabil enn på Landskappleiken, og deltakinga i Oppdal var lågare enn dei to åra før. Som tidlegare år var pardans den største klassen med 31 dansepar, og gruppespel var den nest største klassen med 18 startnummer.

→ Komplette liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga.

Kort evaluering av Landsfestivalen

Oppdal Spell- og dansarlag er ein erfaren arrangør av Landsfestivalen i gammaldansmusikk. På grunn av eit stort arrangement på Oppdal vart festivalen arrangert ei veke tidlegare enn planlagt, og festivalen bytte såleis helg med Jørn Hilde-stemnet på

Fagernes. Landsfestivalen i Oppdal vart opna med eigen konsert med lokale utøvarar, og tevlingane vart gjennomførte i Oppdalshallen. Laurdag var det sjokoladefestival for dei minste, og i tillegg til tevlingane var det dans om kveldane i hallen og teltet. Også på Landsfestivalen i gammaldansmusikk var det fleire hundre frivillige som bidrog med dugnadsarbeid for å få festivalen trygt i hamn, og arrangementet gjekk etter planen.

Nytt av året var at Furestiftelsen sette opp eit Furestipend på Landsfestivalen i gammaldansmusikk, som gjekk til ein junior som utmerkte seg. Stipendet gjekk til Even Offerdal Bakken, som vann både durspel jr. og andre instrument jr.

Landsfestivalen i gammaldansmusikk i Oppdal fekk eit økonomisk overskot på 669 661 kr.

Dommarseminar på Voss

Frå 29. september til 1. oktober arrangerte Hordaland Folkemusikklag, Sogn og Fjordane folkemusikklag og FolkOrg dommarseminar på Voss. Denne helga var det tre parallelle seminar med vekt på spel, dans og vokal. Innleiarane var Rikke van Ommeren, Anne Hytta, Camilla Granlien, Gunnlaug Lien Myhr, Stian Roland og Mette Vårdal. Det var til saman 34 deltakarar på seminara, med 21 deltakarar i dans, 10 deltakarar i spel og 3 deltakarar i vokal.

Deltakarane kom frå fleire delar av landet, som til dømes Sogn, Hallingdal, Gudbrandsdalen, Løten,

Suldal, Bergen, Hardanger, Kongsberg og Oslo.

Seminarhelga byrja med ei felles økt for alle deltakarane ved styreleiar i FolkOrg, Hilde Reitan, medan seminara gjekk parallelt resten av helga. Felles stikkord for innhaldet på seminara er tevlingsreglement, dommarskjema, tolking av relevante omgrep, dømning på "prøve-kappleik" diskusjonar og refleksjon.

Laurdag kveld var det konsert med meisterspelemann og heidersmedlem i FolkOrg Leif Rygg for alle deltakarane på kurset.

Folkelarm

Riksscenen, Oslo | 16.–19. november

Folkelarm er Nordens største bransjetreff for folkemusikk og folkedans. Arrangementet har tradisjonelt vore bygd kring showcasekonsertar på kveldane og seminar på dagtid. I tillegg til showcasekonsertar hadde vi soloscene der fire solistar fekk synt seg fram, og to intimkonsertar kalla "møt ein Folkelarmartist". Vi samarbeidde også i 2017 med Laget for Folkemusikk om å halde Oslokappleik samstundes med Folkelarm, noko som synest å vere positivt for både partar. Det var god oppslutning kring Oslokappleiken både når det gjeld talet på deltakarar og publikum. Det er allereie bestemt at samarbeidet held fram i 2018.

NRK tok også i år liveopptak med publikum frå Folkelarm. Dei har hatt konseptet Folk:Lab i fleire år no, der dei vel ut artistar frå Folkelarmprogrammet til minikonsertar og intervju. Programma har vore sende på P2 i etterkant. Folkelarm 2017 hadde eit rikhaldig seminarprogram, som starta med Frilansfrokost i regi av MØST og Samspill og som fortsette med spanande tema som inkluderte både norske og internasjonale delegatar utover dagen.

Noreg skal vere gjesteland under bokmessa i Frankfurt i 2019, og regjeringa ønskjer at fleire kunstatar interesserer seg for Tyskland i samband med det. Det passar godt med det mangeårige søkjelyset vi har hatt på den tyske marknaden, og tyske delegatar fekk derfor særskild prioritet då vi skulle invitere internasjonale delegatar i 2017. Vi fekk tilskot frå Music Norway, som har teke over denne ordninga frå UD. Tilskotet var mindre i 2017 enn tidlegare, men saman kunne vi invitere og dekke kostnadene for ni internasjonale delegatar, og nokre av kostnadene for fire andre delegatar. I tillegg kom det fleire på eige initiativ og etter invitasjonar frå oss. Ut over tyske delegatar hadde vi besøk av delegatar frå Sverige, USA, Danmark, Belgia, Skottland, Finland, England og sjølv sagt frå Noreg. Vi hadde godt besøk av delegatar frå inn- og utland, i tillegg til svært godt publikumsbesøk.

Besøkstalet var noko mindre enn i 2016, då vi hadde Folkelarm samstundes med Meisterkonsert i Operaen, men likevel mykje betre enn i 2015. Dei to siste åra har vi lagt litt meir vekt på dansefest i tillegg til det tradisjonelle Folkelarm-programmet med konsertar og seminar. Dette meiner vi er ei av årsakene til at publikumstalet var betre i 2017 enn i 2015, sjølv om det ikkje var meisterkonsert i Operaen. Det at vi ønskjer å knyte saman heile folkemusikkmiljøet, og gje alle kjensle av å vere velkomne på Folkelarm, er eit suksesskriterium for framtida, meiner vi.

→ *Liste over Folkelarm-artistar, delegatar og seminarprogram ligg ved denne årsmeldinga.*

Folkelarmprisen

For trettande gong vart Folkelarm-prisen delt ut. Folkelarmprisen var eigen post på programmet med høgtidlege talar og musikkinnslag. Prisen vart delt ut i kategoriane dokumentasjon, solo, tradisjonelt samspel og open klasse i tillegg til prisen for årets folkemusikar. Prisen for årets folkemusikar gjekk til Anders Røine.

→ *Liste over vinnarar er lagd ved denne årsmeldinga.*



INFORMASJON

Generelt om informasjonsarbeidet

Alle som arbeider i FolkOrg, arbeider også med informasjon på ein eller annan måte.

Det er i hovudsak to personar som har informasjon som særskilt arbeidsområde. Desse arbeider med utviklinga av organisasjonsarbeidet generelt, og har særleg søkjelys på dei arrangementa vi har. Vidare arbeider dei kontinuerleg med nettsidene våre og oppdateringar i sosiale medium. Sentralt i meldingsåret var informasjons- og pressearbeid knytt til Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm. I alle prosjekta har dei tilsette stått for oppdatering og utvikling av heimesider, fotografering, oppdatering av appar, grafisk formgjeving, utvikling og utsending av nyhendebrev og anna presse- og informasjonsarbeid. I tillegg har vi leigd inn noko ekstrahjelp i samband med arrangementa våre når det gjeld fotografering.

Folkorg.no

I 2017 hadde folkorg.no 95 537 sidevisingar i 47 248 økter. Det var 23 851 unike brukarar.

Folk finn fram til Folkorg.no på ulike måtar. Om lag 20 % kjem til folkorg.no via lenkjer på andre nettstader, i hovudsak via landskappleiken.no og folkemusikk.no. FolkOrg bruker Facebook-sida si aktivt, og om lag 20 % av alle besøk til folkorg.no kjem via Facebook. 30 % av brukarane kjem til folkorg.no via søkjemotorar, og om lag 20 % av brukarane går direkte inn på folkorg.no. Dei resterande treffa til folkorg.no kjem frå andre, mindre kanalar.

Sosiale medium

Vi har FolkOrg-brukarar på sosiale medium og har no sider på Facebook (2651 følgjarar), Twitter (414 følgjarar) og Instagram (979 følgjarar).

Vi har og tilsvarande kontoar for Folkemusikk, Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk, Folkelarm og Slåttify. Når det gjeld kontoane for Landskappleiken og Landsfestivalen, samarbeider vi med lokal arrangør om å oppdatere dei.

Folkemusikk (bladet)

Det er FolkOrg – Organisasjon for folkemusikk og folkedans – som eig og gjev ut bladet. Bladet er frittstående og arbeider etter Ver Varsam-plakaten og Redaktørplakaten.

Redaksjonell profil

Folkemusikk er i dag det einaste nasjonale fagbladet i Noreg for folkemusikk og folkedans. Magasinet er ein viktig premissgjevar for formidlinga av folkemusikk og folkedans – innanfor folkemusikkmiljøet og overfor andre miljø. Bladet blir lese av musikk- og kulturinteresserte over heile landet, og har ein sterk posisjon i dei kulturpolitiske og musikkfaglege miljøa i landet, ikkje minst i institusjonane som gjev musikkutdanning. Det redaksjonelle språket er nynorsk, medan tekstar i bladet er på begge målformer. Tekstane blir språkvaska av Aud Søyland, medredaktør for Nynorsk ordliste.

Redaksjon

Audun Stokke Hole har vore redaktør sidan 1. oktober 2014. Han har kontor i Schouskvartalet i Oslo, der FolkOrg og Riksscenen òg held til. Sidan mai 2017 har redaksjonsrådet for Folkemusikk vore Audun Grüner-Hegge, Kjellbjørn Karsrud, Ragnhild Knudsen og John Ole Morken.

Abonnentar

Folkemusikk er å få kjøpt på utvalde Narvesen-utsal, men er i hovudsak eit abonnementsblad. Per 31. desember 2017 hadde bladet Folkemusikk 1778 abonnentar, ein auke på 265 frå førre årsskifte. Av abonnentane var 709 registrerte som gratisabonnentar, men av desse går ca. 400 til bibliotek som del av Norsk kulturråds innkjøpsordning for kulturtidsskrift. 766 abonnentar var medlemmer av FolkOrg.

Økonomi

Folkemusikk blir gjeve ut med økonomisk stønad frå eigaren. I tillegg fekk magasinet i 2017 produksjons- og distribusjonsstønad og nynorsk honorarstønad frå Norsk kulturråd gjennom innkjøpsordninga for kulturtidsskrift. Inntekter frå abonnementsal og annonsar er dei to andre økonomiske beina magasinet står på.

Annonsering

Informasjonsrådgjevaren i FolkOrg og redaktøren i Folkemusikk sel dei fleste annonsane til bladet og nettsida. Det blei i 2017 selt annonsar for totalt kr 254 000. Annonseåret har sidan 2011 lege nokså stabilt kring kr 250 000.

Folkemusikk.no

I 2017 hadde folkemusikk.no oppunder 70 000 sidevisingar i 45 000 økter, av 26 000 unike brukarar. Lesarane finn fram til folkemusikk.no på desse måtane:

- Direkte: 30 prosent gjekk direkte inn på folkemusikk.no.
- Søk: 37 prosent fann fram til folkemusikk.no gjennom eit nettsøk.
- Sosiale medium: 24 prosent gjekk inn på folkemusikk.no via sosiale medium, i all hovudsak Facebook (det sosiale mediet der Folkemusikk er mest aktivt til stades)
- Nettlenker: dei resterande 10 prosent kom til folkemusikk.no via lenker på andre nettstader. Folkorg.no stod for halvparten av desse; andre viktige kjelder var Wikipedia

(norsk og engelsk), hfaa.org (Hardanger Fiddle Association of America) og trolljenta.no (tyskspråkleg nettstad om Noreg).

Folkemusikk på Facebook

Facebook-sida til Folkemusikk var 31.12.2017 likt av drygt 5900 personar, ein auke på ca. 400 personar frå førre årsskifte. Ved sida av folkemusikk.no og e-post er Facebook den viktigaste digitale kommunikasjonskanalen mellom magasinet og lesarane.

Dei fem mest engasjerande postane på Facebook-sida i 2016 var:

- Gjermund Larsen fekk TONOs komponistpris (494 reaksjonar, nådde 15 800 personar)
- Knut Hamre utnemnd til kommandør av St. Olavs orden (324 reaksjonar, nådde 12 400 personar)
- Stian Roland ny leiar for folkemusikkstudiet på Rauland (242 reaksjonar, nådde 12 100 personar)
- Tinndølan til finalen i Norske Talenter på TV2 (173 reaksjonar, nådde 6 900 personar)
- Aslak Brimi: meningsytring etter Landsfestivalen i gammaldansmusikk (81 reaksjonar, nådde 6 500 personar)

LANDSKAPPLEIKEN 2017

Vinnarar

Vokal

- A: Øyonn Groven Myhren, Laget for Folkemusikk
- B: Mari Midtli, Sel og Otta Spel- og dansarlag
- C: Dordi Boksasp Lerum, Jostedal Spel- og dansarlag
- D: Åsne Bergset, Numedal Spel- og dansarlag

Spel hardingfele

- A: Jan Beitohaugen Granli, Øystre Slidre Spel- og dansarlag
- B: Åsmund Fauske Jøtun, Gol spel- og dansarlag
- C: Cecilie Skrindo, Ål spel- og dansarlag
- D: Even Tråen, Numedal Spel- og dansarlag

Spel fele:

- A: Andreas Bjørkås, Oppdal Spell- og dansarlag
- B: Ingeborg Ulberg Sommer, Glåmos Spellmannslag
- C: Marius Westling, Østerdølenes Spellmannslag
- D: Ivar Schjølberg, Vågå Spel- og Dansarlag

Durspel

- Junior: Amalie Kinsarvik Tvilde, Hardanger Spelemannslag / Spira studentspelemannslag
- Senior: Øyvind Sandum, FolkOrg

Dans hardingfele

- A: Ingebjørg Bratheim Bø og Ola Narverud, Bø Dansarring og Småjondølenes dansarlag
- B: Hege S. Johnrud og Sigbjørn Rua, Småjondølenes dansarlag
- C: Olav Kvåle Myksvoll og Mari Ressel Møllerplass, Gol spel- og dansarlag
- D: Aud Manheim og Johan Bojer Vaa, Seljord folkemusikklag og Falkeriset Folkemusikklag

Dans fele

- A: Kari Nilssen og Stig Nilssen, #Hedmark
- B: Stein Vidar Kommandantvold og Linda Loktu, Røros Folkedanslag
- C: Iver Kolstad og Marie Skogås, Røros Folkedanslag
- D: Thor Herman Bøhle og Anne-Elise Bøhle, Bygdedanslaget i Hamar

Halling

- A: Ulf-Arne Johannessen, Ål spel- og dansarlag
- B: Even Ellegaard Westeng, Gransherad Spel- og dansarlag
- C: Knut Boksasp Berge, Tinn Spelemannslag
- D: Thor Herman Bøhle, Bygdedanslaget i Hamar

Fløyte

- Senior: Gry Oftedal, Vibå spelemannslag

Munnharpe

- Junior: Eivind Tanche-Larsen Knutsen, Setesdal Spelemannslag
- Senior: Simen Roheim Iversen, FolkOrg

Langeleik

- Junior: Ingebjørg Hegge Bratrud, Vårflaumen spel- og dansarlag
- Senior: Lise Lunde Brennhagen, Vårflaumen spel- og dansarlag

Andre eldre folkemusikkinstrument

- Senior: Bendik Smedåsgjelten Qvam

Lagspel

- Junior: Hedmark Juniorspellmannslag
- Senior: Lom Spelmannslag

Lagdans

- Junior: FolkemusikkUng i Valdres
- Senior: Ål spel- og dansarlag

Gruppespel

- Junior: WestLia
- Senior: Tufskrøkjun

Open klasse

- Særsvip

Dommarar på Landskappleiken 2017

Spel hardingfele:

Jan Arne Sebuødegård, Per Åsmund Omholt,
Åse Teigland

Spel fele:

Harald Bræin, Trond Åsmund Svenkerud,
Torunn Raftevold Rue

Vokal:

Liv Ulvik, Eli Storbekken og Kari Lønnestad

Eldre folkemusikkinstrument:

Rune Martinsen, Kari Lønnestad og
Hans Fredrik Jacobsen

Durspel:

Leif Ingvar Ranøien, Håvard Ims,
Rune Martinsen

Dans fele:

Vegar Vårdal, Anna Gjendem og
Kari Margrete Okstad

Dans hardingfele:

Magne Kleiveland, Sverre Heimdal og
Gina Ingeborg Hagen

Lagdans:

Vegar Vårdal, Anna Gjendem og
Sverre Heimdal

Halling:

Magne Kleiveland, Øyvind Kvile og
Gina Ingeborg Hagen

Grupperpel:

Per Åsmund Omholt, Trond Åsmund
Svenkerud og Torunn Raftevold Rue

Lagspel:

Jan Arne Sebuødegård, Harald Bræin,
Åse Teigland

Open klasse:

Liv Ulvik, Hans Fredrik Jacobsen,
Leif Ingvar Ranøien

Hovuddommar for Fureprisen:

Ingvill Marit Buen Garnås

Furestiftelsen

Fureprisen:

Hans P. Kjørstad, Harpefoss spel- og dansarlag

Furestipend

Spel hardingfele C: Cecilie Skrindo,
Ål spel- og dansarlag

Spel fele C: Marius Westling,
Hedmark Juniorspellmannslag

Eldre folkemusikkinstrument jr.:

Eivind Tanche-Larsen Knutsen,
Setesdal Spelemannslag

Durspel jr.: Amalie Kinsarvik Tvilde,
Spira studentspelemannslag,
Hordaland Folkemusikklag.

FolkOrg-stipend

Halling C: Knut Boksasp Berge,
Tinn Spelemannslag

Dans fele C: Iver Kolstad og Marie Skogås,
Røros Folkedanslag

Dans hardingfele C: Olav Kvåle Myksvoll og
Mari Risset Møllerplass, Gol spel- og dansarlag

Vinnar av Gnistprisen

Hugnad Ungdomslag

LANDSFESTIVALEN I GAMMALDANSMUSIKK 2017

Vinnarar

Solo andre instrument

Junior: Even Offerdal Bakken, Lom spel- og dansarlag

Senior: Mads Erik Odde, Lom spel- og dansarlag

Solo durspel

Junior: Even Offerdal Bakken, Lom spel- og dansarlag

Senior: Sjur Hovden Borge, Gol spel- og dansarlag

Solo fele/hardingfele

Junior: Ragna Valde Sletten, Vågå spel- og dansarlag

Senior: Roger Slåstuen, Mukampen spel- og dansarlag

Grupperespel:

Lendmenn

Samspel junior:

Espen & Even

Pardans senior:

Svein Granøien og Heidi Tovmo, Røros Folkedanslag

Lagdans

Senior: Lystringen

Lagspel fele/hardingfele:

Sør-Fron Spelmannslag

Lagspel durspel/trekkspele:

Lom toradergruppe

Open klasse:

Kristin og Andreas

Furestipend

Even Offerdal Bakken, Lom Spel- og dansarlag

Dommarar på Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Solo andre instrument:

Kjell Grothe, Tore Løvgreen, Irene Tillung

Solo durspel:

Anders Lunden Herfoss, Hanne Kari Bakke og Baste Antun

Solo fele/hardingfele:

Øystein Velure, Helge Husby og Thomas Lomundal

Lagspel fele/hardingfele:

Thomas Lomundal, Kjell Grothe, Øystein Velure og Arne Moslåtten

Lagspel durspel/trekkspele:

Hanne Kari Bakke, Baste Antun, Anders L. Herfoss og Arne Moslåtten

Grupperespel:

Irene Tillung, Tore Løvgreen, Helge Husby og Arne Moslåtten

Open klasse:

Baste Antun, Anders L. Herfoss og Thomas Lomundal

Samspel junior:

Baste Antun, Thomas Lomundal og Anders L. Herfoss

Pardans og lagdans:

Agnar Olsen, Knut David Hustveit og Renate Nysted Tønnessen

FOLKELARM 2017

Folkelarmprisen 2017

Årets folkemusikar:

Anders Røine

Årets folkemusikar vert kåra på fritt grunnlag – uavhengig av utgjevingar

Solist:

Strimur – Anne Hytta (Ta:lik DA)

Open klasse:

Pusinshi ulla – Hans P. og Rasmus Kjørstad (Ta:lik DA)

Tradisjonelt samspill:

Sorpesoll – Anon Egeland og Mikael Marin (Taragot Sounds)

Dokumentasjon:

Bygdatråen – Leif Rygg (Ta:lik DA)

Juryen 2017:

Georg Buljo, Rikke van Ommeren, Sølvi Lien, Sigbjørn Apeland og Tonje Lien Barkenæs

Folkelarmartistar 2017

Anita Vika Langødegård (NO) – Aslak Brimi Kvartett (NO) – Awilas (SE) – Bjørn Kåre Odde og Ole Nilssen (NO) – Calibut band (DK) – Camilla Granlien (NO) – ComboNations (NO) – Duo Fjerdingsøy & Andersson (NO/SE) – Duo Systrami (SE) – Durmål (NO) – FIRO (NO) – Gard Nergaard/Michael Krumins (NO) – Golbma Jiena (NO) – Hazelius Hedin (SE) – Hulbækmo & Jacobsens familieorkester (NO) – Irene Tillung og Ti på Taket (NO) – Julietnorth (NO) – Majorstuen (NO) – Miman (NO) – Morken & Nyrønning (NO) – Ole Nilssen (NO) – Pekko Käppi & K:H:H:L (FI) – Raabygg (NO) – Vegar Vårdal (NO)

Soloscenen

Vegar Vårdal, Sigrid Kjetilsson, Jore, Ole Nilssen og Mari Midtli

Juryen for showcase 2017

Erik Sollid, Inge Gjevne og Ragnhild Furebotten

Seminarprogrammet på Folkelarm 2017:

TONO

Foredragsholder: Håvard Offer Olsen
Hvordan virker TONO-systemet for dem som driver med tradisjonell musikk, og når og hvorfor er det viktig å være medlem?

TONO – hva, hvordan og hvorfor?

Foredragsholder: Synnøve S. Bjørset
Introduksjon i hvordan du melder inn verk, hvordan du sender konsertrapport og ei forklaring av begrep og roller som kan være fremmede for mange i folkemusikksjangeren.

Møt Music Norway

Foredragsholder: Kathrine Synnes Finnskog, Music Norway Direktør
Hva kan Music Norway gjøre for deg som folkemusiker, hvordan jobber de, hvem støtter de, hvordan kan du lykkes i utlandet, og hvordan kan du lykkes på bransjetreffet Folkelarm?

Fokus: Det norske markedet

Paneldebatt: Hilde Bjørkum, Asgaut Bakken, Johan Einar Bjerkem, Ann Helen Erichsen
Hva vektlegger en folkemusikkarrangør når de velger ut artister til sin festival eller scene?

Frilansfrokost: Utradisjonelle spillesteder i Norge

Arr: MØST og Samspill
Paneldebatt: Åshild Vetrhus, Simen Skoe, Anne Marte Før, Anne Hytta og Liv C. Fjellsol
Inspirasjon for musikere og bookingagenter til å tenke utenfor boksen neste gang de planlegger en turné, og å se mulighetene som ligger i disse stedene.

RFF-debatt – Kulturskolen, immateriell kulturarv og samfunnsoppdrag

Arr: Rådet for folkemusikk og folkedans
Paneldebatt: Anders Rønningen, Kristine Rønning, Unni Boksasp, Bjørn Aksdal, Marit Vestrum og Ida Habbestad
Hvordan står det til med folkemusikken og -dansen sin plass i kulturskolen i dag? Hva kan og bør gjøres lokalt for å sikre at barn og unge har tilgang til og kan utøve Norges immaterielle kulturarv?

VEDLEGG – LISTE OVER DIVERSE TILDELINGAR, VINNARAR O.A.

Formidling, show og scene

Paneldebatt: Ane Roggen, Vegar Vårdal, Camilla Granlien og Morten Brenne
Diskusjon og debatt om ulike sceniske uttrykk.
Ulike vinklinger på hva som fungerer på en scene, forskjell på danseforestillinger og musikkforestillinger.

Gramo

Foredragsholder: Morten Møller
Hva er Gramo, hvordan jobber de, og hva betyr Gramo for deg som artist.

Frilansfrokost: Utradisjonelle spillesteder i utlandet

Arr: MØST og Samspill
Paneldebatt: Roger Bouwens, Minna Huuskonen, Birgit Ellinghaus, Brian Ó hEadhra
Inspirasjon til musikere og bookingagenter til å tenke utenfor boksen neste gang de planlegger en turné i utlandet, og å se mulighetene som ligger i disse stedene.

Fokus: Danmark

De danske delegatene Laia Kverneland, Torben Eik Jacobsen (TEMPI) og Anne Grete Kamilles (Musik over Præstø Fjord), snakket om

mulighetene for å komme seg inn på det danske markedet, og hvordan markedet utvikler seg i Danmark.

Fokus: Belgia

Belgiske Roger Bouwens (Toernee Mondial) snakket om hvordan artister kan komme seg inn på det belgiske markedet, samt hvordan de kan tiltrekke seg og beholde publikumet.

Fokus: Skottland

Brian O hEadhra (Anam Communications/Geiteberg Folk Festival) hadde fokus på det skotske markedet, ulike spillesteder og hvordan komme i kontakt med folk.

Fokus: Tyskland

Birgit Ellinghaus (alba KULTUR) og Christian Pliefke (Nordic-Notes) snakket om det tyske markedet og hva som skal til for å komme seg inn på dette markedet.

Folk Alliance International

Aengus Finnan (Folk Alliance International) fortalte om Folk Alliance International, og Åke Lundström (Folk Alliance Sverige) fortalte om oppstart av Folk Alliance Sverige.

MOMSKOMPENSASJON 2017

Namn på lag	
Austrheim Musikklag	2 975
Brekken spell- og danselag	7 619
Buskerud Folkemusikklag	11 146
Bygdedanslaget i Bjørgvin	2 303
Bygdedanslaget i Hamar	5 157
Byneset Spellmannslag	12 752
Bærum Spellemannslag	4 480
Dovre Folkedanslag	1 709
Eiker Spellemannslag	3 466
Furuleiken Spell- og danselag	2 334
Gaular Spelemannslag	4 447
Gjøvik spellmannslag	3 582
Glåmos spellmannslag	4 768
Gol spel- og dansarlag	964
Hedmark Folkemusikklag	14 832
Indre Sunnfjord Spelemannslag	6 894
Jostedal Spel og Dansarlag	5 799
Kongsberg Spel- og Dansarlag	9 001
Kristiansand Spel- og Dansarlag	2 141
Kvemmingen spel- og dansarlag	1 143
Leikarringen Noreg, BUL Drammen	7 602
Lom Spel- og Dansarlag	8 400
Møre og Romsdal Folkemusikklag	5 315
Målselv Spelmannslag	707
Naustedalen spelemannslag	14 758
Nes Nasjonale Dansarring	6 735
Nes Spel- og dansarlag	1 591

Oppdal Spel- og dansarlag	11 811
Rauma Spelmannslag	1 991
Romsdal spelemannslag	2 683
SAFFA	11 149
Seljord folkemusikklag	4 210
Sel og Otta Spel- og dansarlag	7 184
Skjåk spel- og dansarlag	3 484
Småjondølenes Dansarlag	7 057
Sogn og Fjordane Folkemusikklag	32 569
Spelemannslag Fjelljom	6 372
Spelemannslaget De Frilynde	2 289
Spelemannslaget Dâm og Drag	3 783
Spellmannslaget Leik	2 203
Søndre Trondhjems Spelemannslag	1 012
Telemark Folkemusikklag	12 956
Tingelstadringen	3 410
Trysil-Knut Dans- og Spelmannslag	2 656
Trøndelag Folkemusikklag	2 534
Unge folkemusikere i Oslo	8 804
Valdres folkemusikkarrangement AS	144 249
Valldal Spelemannslag	2 634
Verdal Juniorspelmannslag	33 382
Voss Spelemannslag	11 789
Vågå spel- og dansarlag	35 241
Østerdølenes Spellmannslag i Oslo	3 069
Ål spel- og dansarlag	6 240
FolkOrg sentralt	414 100
Totalt	931 482

FRIFOND ORGANISASJON 2017

Namn	Fordeling 2017		
	Driftsmidler	Prosjektmidler	Totalt
Byneset Spellmannslag	12 490,00	0,00	12 490,00
Bærum Spellemannslag	19 210,00	10 000,00	29 210,00
Bø juniorspelemannslag	3 840,00	10 000,00	13 840,00
Geilo spelemannslag	5760,00	7 500,00	13 260,00
Gransherad Spel- og dansarlag	14 410,00	1 500,00	15 910,00
Hardanger Spelemannslag	37 460,00	5 000,00	42 460,00
Hornindal spelemannslag	7 680,00	10 000,00	17 680,00
Kongsberg Spel- og Dansarlag	41 300,00	0,00	41 300,00
Lom Spel- og dansarlag	31 690,00	0,00	31 690,00
Mukampen spel- og dansarlag	3 840,00	6 020,00	9 860,00
Naustedalen Spelemannslag	3 840,00	0,00	3 840,00
Nes Nasjonale Dansarring	9 600,00	10 000,00	19 600,00
Sel og Otta Spel- og dansarlag	3 840,00	10 000,00	13 840,00
Småjondølenes dansarlag	24 970,00	10 000,00	34 970,00
Spelemannslaget Fjelljom	24 010,00	17 000,00	41 010,00
Spelemannslaget Havella	10 560,00	15 000,00	25 560,00
Trysil-Knut Dans og spelmannslag	4 800,00	17 000,00	21 800,00
Unge folkemusikere i Oslo	22 090,00	15 000,00	37 090,00
Verdal juniorspellmannslag	20 170,00	30 000,00	50 170,00
Voss Spelemannslag	38 420,00	0,00	38 420,00
	339 980,00	174 020,00	514 000,00

FOLKORG-PRISAR 2017

Årets lokallag 2017:

Vågå spel- og dansarlag

Årets folkemusikkarrangør 2017:

Førdefestivalen

FOLKORG SI REKRUTTERINGSSTØTTEORDNING

Prosjekta som fekk støtte i 2017, var desse:

Breim spelemannslag – 5 000 kr
Brekken spell- og danselag – 5 000 kr
Folkemusikkarkivet i Rogaland, Ryfylkemuseet – 10 000 kr
Gransherad spel- og dansarlag – 5 000 kr
#Hedmark – 10 000 kr
Heme dine – 10 000 kr
Jeremias folkemusikkforening, Austrheim musikklag, Gloppen hardingfelelag, Hyen spelemannslag, Glopperaddane – 10 000 kr
Jostedal spel- og dansarlag – 5 000 kr
Juniorklubben – 10 000 kr

Leikarringen Noreg, BUL Drammen – Bygdedanslaget – 5 000 kr
Lom spel- og dansarlag – 5 000 kr
Mukampen spel- og dansarlag – 10 000 kr
Nes Nasjonale Dansarring – 5 000 kr
Osterøy spel- og dansarlag – 10 000 kr
Seljord folkemusikklag – 5 000 kr
Sogn og Fjordane Folkemusikklag – 10 000 kr
Strunkeveko v/Valdres folkemusikkarrangement – 10 000 kr
Telemark folkemusikklag – 5 000 kr
Trysil-Knut dans- og spelmannslag – 10 000 kr
Vinje Spel og Dans – 5 000 kr

FOLKEMUSIKK

Folkemusikk 2017 var den 76. årgangen til magasinet. Det blei gjeve ut fire nummer av magasinet, i snitt på 100 sider (eitt på 96 og eitt på 104, resten på 100 sider).

Innhald i magasinet Folkemusikk 2017

Portrett og intervju:

1/17: Bjørn Aksdal, Knut Myrann, 3 små vestlendingar, Raabygg, Ola Snorheim (Langsomt Mot Nord)
2/17: Knut Hamre, Agnes Buen Garnås, Dag og Vegar Vårdal, Hans og Rasmus Kjørstad, Vrang
3/17: Margit Myhr, Ljom, Håkon Thelin, Robert Simonds
4/17: Sigrid B. Berg, Starelven, Unni Boksasp, Astrid Nora Ressem, Andrew Cronshaw, Bugge Wesseltoft

Reportasjar:

1/17: kappleiksrangering, på speleturné i Amerika
2/17: folkemusikk og psykoanalyse, tradisjonsmusikk i Oppdal, Tinndølan
3/17: springdans frå Land, gitaren i norsk folkemusikk, folkemusikkarkiva, Nordic Folk
4/17: folkedans på Vinstra VGS, Edgar Heringstad-jubileum, TrondheimFOLK, på kappleik i Alpane

Spelemannsbiografiar o.l.:

1/17: Hølje Spelemann, Marius Nytrøen
3/17: Eivind Fjalestad
4/17: spelemannsætta Bergslanden

Fagtekstar:

1/17: Kraviklyra
2/17: hardingfelemakeri i framtida
3/17: betraktningar kring Landskappleiken og Landsfestivalen, spel- og dansestemne i USA
4/17: kappleiksdømmarseminar, Anders Jahres kulturpris

Meldingar i blad:

1/17: Raabygg, 3 små vestlendingar
2/17: Leif Rygg, Vegar Vårdal, Nordic Folk, Hans og Rasmus Kjørstad, Vrang
3/17: Dalakopa, Sven Nyhus Kvintett, Jens Nyplass, Aslak Brimi, Ljom, Combonations
4/17: Sunniva no, Sandum Trio, Dag Gården, ung norsk folkemusikk

Bidragstytarar i Folkemusikk

Bidragstytarane i Folkemusikk er i stor grad folk som er på innsida av ulike folkemusikk- og folkedansmiljø i Noreg. Nokre har vore med i ei årrekkje, men redaktøren er oppteken av å jamleg rekruttere nye skribentar og fotografar. I 2017 debuterte ni personar som bidragstytarar i Folkemusikk.

Bidrag i tre eller fire nummer: Bjørn Aksdal, Nils Øyvind Bergset, Johanne Flottorp, Ida Habbestad, Audun Stokke Hole, Arvid Skancke-Knutsen, Hans-Hinrich Thedens, Espen Tørset, Arne T. Aabø

Bidrag i eitt eller to nummer: Bjørn Lønnum Andreassen, Georg Arnestad, Bentein Baardson, Kjell Bitustøyl, Kjetil Asdal Bjørgan, Tore Bruvoll, Thor Ola Engen, Audun Grüner-Hegge, Trond-Ole Haug, Sverre Heimdal, Terje Gording Hong, Henrik Kamphus, Ragnhild Knudsen, Bjørn Laupsa-Borge, Ruth Lillegraven, Wiebke Lüders, Marianne Lystrup, Stian Moen, Inge Nytrøen, Tom Willy Rustad, Ola Snorheim, Mette Vårdal, Vegar Vårdal

Fotografar og illustratørar: Sverre Aurstad, Cathrine Dokken, Runhild Heggem, Julius Vidarssønn Langhoff, Ingvil Skeie Ljones, Laila Meyrick, Nikita Solenov, Thor Hauknes, Knut Utler, Thomas Westling. FolkOrgs fotoarkiv og fotoarkivet etter Spelemannsbladet er òg mykje brukt.

Folkemusikk.no

På folkemusikk.no, nettsida til magasinet Folkemusikk, blir det stort sett publisert stoff som ikkje er å finne i bladet. Hovudvekta av stoff er meldingar, nyhendesaker og meningsytringar. I 2016 blei det publisert totalt 62 einskilde saker, fordelte på følgjande kategoriar:

Meldingar: 29 platemeldingar fordelte på: 14 arrangert/eksperimentell folkemusikk; 10 tradisjonelt samspel; 4 tradisjonelt solospel; 1 joik. I tillegg blei det publisert tre konsertmeldingar, ei teatermelding og ei utstillingsmelding.


Anna: 12 nyhendesaker, 4 djupneartiklar («tett på») og 6 meningsytringar.

Årsmelding for FolkOrg 2017

Styret i FolkOrg godkjenner årsmelding for 2017



Hilde Reitan
Styreleiar




Camilla Granlien
Nestleiar




Helene Myklemyr
Bolstad
Nestleiar




Kristian Ihle
Hanto
Styremedlem



Kjellbjørn
Karsrud
Styremedlem



Silje Solberg
Styremedlem



Thor Hauknes
Styremedlem



Linda Dyrnes
Dagleg leiar



“Vi vil engasjere medlemmer og publikum gjennom å vise mangfald, eigenart, aktivitet, musikkglede, danseglede, og vere ein livskraftig, moderne kulturorganisasjon med røter i tradisjon”

FolkOrg - Organisasjon for folkemusikk og folkedans